



Stein Ove Vatnøy
Lurevegen 208 A
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2903 - 18/26419

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
30.08.2018

Landbrukssak Gbnr 172/2 Hopland- Vedtak angående feil i søknad om produksjons- og avløysartilskot 2017

Saksutgreiing:

På søknad om produksjonstilskot med søknadsfrist 15.05.2017 har føretaket med org nr 986359141 ført opp att det er melkesau på bruket.

Melkesau i jordbruksavtalen 2017-2018 er definert som *sau født føregående år eller tidlegare, somer i melkeproduksjon hvor mjølka nyttas som råstoff ved lokal foredling*. Du har i mai satt inn at du disponerar 20 melkesau. Me kan ikkje sjå at du før eller seinare har disponert melkesau eller har sendt inn dokumentasjon på lokal foredling. Me tar difor utgangspunkt i at det blei gjort ein feil. Det var første søknadsomgang med nytt system og kan difor vera forvirrande.

Du har ført opp 20 melkesau i søknaden frå mai og som eit resultatet av det har du fått utbetalt kr 27 620,- for mykje i tilskot ved hovedutbetalinga i februar, og desse må no betalast attende.

Forskrift om produksjonstilskot inneheldt ein del vilkår som du som søker pliktar å setja deg inn i for å nytta deg av tilskotsordninga.

Kommunen har i brev 08.08.2018 sendt førehandsvarsel ihht §16 i forvaltningslova. Søklar hadde frist for å koma med uttale til 29.08.18, men kommunen har ikkje motteke noko innan fristen.

Kommunen må først gjera vedtak om tilbakebetaling og når klagefristen er gått ut på vedtaket vil det verta sendt faktura via ESTIL som er sakshandsamingsystemet for produksjonstilskot som kommunane nyttar.

Vurdering:

Kommunen har vurdert saka i høve til forskrift om produksjonstilskot og sakshandsamarrundskriv 2017-28.

I forskrift om produksjonstilskot § 13.Tilbakebetaling og renter mv. står det fylgjande.



Dersom foretaket som følge av manglende oppfyllelse av vilkår i denne forskriften eller av andre grunner har mottatt en utbetaling som ikkje er berettiget, kan det feilutbetalte beløpet kreves tilbakebetalt frå mottakeren eller motregnes i senere tilskuddsutbetaling.

Landbruksdirektoratet sende 17.11.2017 ut e-post om at det var høve til å retta openbare feilføringar for søknadsåret 2017. Feilen som her er gjort er ikkje gjort forsettleg. Kommunen vil difor ikkje avkorta resten av tilskotet som følge av feilopplysningar. Søknadsomgangane i 2017 var første gong med nytt system og nye søknadsskjema og ein må forventa ein del feilføringar når nye ting vert innført. Kommunen har erfart at fleire hadde problem med å føra sau på rett plass.

Konklusjon:

Føretaket har ført ein del dyr i feil kode som har medført for mykje utbetalt produksjonstilskot. Dette tilskotet må betalast attende.

Vedtak:

Føretaket 986359141 Stein Ove Vatnøy må betala attende 27 620,- i tilskot til melkesau, som vart utbetalt for mykje i februar 2018 etter søknadsomgangen 15.05.2017. Årsaka er at søkjar driv med vanleg sauedrift og ikkje med melkesau og difor ikkje oppfyller vilkåra for å få dette tilskotet.

Vedtaket har heimel i §13 i forskrift om produksjonstilskot m.v (sist endra 18.04.2017). Grunngevinga går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stein Ove Vatnøy

Lurevegen 208 A 5912

SEIM